



Statsbudsjettet 2022  
(kapittel fordel til familie- og kulturkomiteen)  
Prop. 1 S (2021-2022)

Oslo, 20.10.2021

## Noregs Ungdomslag sitt innspel til forslag til Statsbudsjettet 2022

### Kapittel 320 post 76 Tilskudd til amatørteaterformål

I statsbudsjettet har Kulturdepartementet overført midlane til kulturen sin del av speloverskotet. Dette strir med lovnadane om at ein skal rydde opp på kulturen sin del, og fjerne ordningar som ikkje høyrer heime her og føre dei tilbake til statsbudsjettet. Det er kritikkverdig at kulturdepartementet fortsatt bruker denne andelen som ein salderingspost for kulturbudsjettet. Det er eit stort behov for å frigjere midlar til ordningar som treng auke, slik som støtteordninga til Regionale kulturbygg, som har opplevd stor nedgang i tilskotet.

Vi ber derfor om at Tilskotet til amatørteaterformål på 22,5 millionar som har blitt fjerna i kapittel 320 Norsk Kulturråd, Post 76, blir lagt inn att og at ein brukar midlane som blir frigjort på speloverskotet til å styrke støtteordninga til Regionale kulturbygg.

### Kapittel 315 post 70. Momskompensasjon

Underdekninga i momskompensasjonsordninga er godt dokumentert. Noregs Ungdomslag har difor store forventningar om at Solberg-regjeringas forslag til kutt i momskompensasjon blir snudd til full, regelstyrt momskompensasjon for varer og tenester.

### Kapittel 325 post 78

Noregs ungdomslag har i mange år jobba for at det skal Stortinga skal innføre ei eiga ordning med momskompensasjon til organisasjonseigde hus på lik linje med den ordninga som idretten har for sine bygg og anlegg. Vi meiner at organisasjonseigde kulturhus må likestillast med idretten sine anlegg, og at det blir oppretta ei eiga momskompensasjonsordning for dei organisasjonseigde husa.

Tilbakemeldingane frå Storting og regjering er at ein ikkje har ei god nok oversikt over omfanget til å kunne opprette ei slik ordning, og at ein derfor må kartlegge kor stort behovet er før ein kan opprette ordninga. Estimat frå Huset i Bygda syner at det kan vere så mange som 5 000 organisasjonseigde kulturbygg i Norge, med eit investeringsbehov på minst 2 milliardar kroner. Kunnskap om behov for momskompensasjon til organisasjonseigde hus er difor tilgjengeleg. Forskjellsbehandlinga strid med likebehandlingsprinsippa og det er dokumentert eit like stort behov for slik kompensasjonsordning for det frivillige kulturlivet, som for idrettslivet.

Samstundes er det uforståeleg for oss at ein ikkje gir støtte til dei prosjekta som faktisk bidreg som kunnskapsleverandørar til m.a. staten når det gjeld omfang og variasjon i det frivillige kulturlivet. Dette gjeld særleg Noregs Ungdomslag sitt langsiktige prosjekt Huset i Bygda, som har som mål å kartlegge og løfte fram alle organisasjonseigde kulturhus i Norge.

Vi ber derfor at ein aukar støtta til Noregs Ungdomslag med 1 million kroner slik at prosjektet Huset i Bygda kan både gjennomføre kartlegging i fleire fylker enn i dag og fortsette arbeidet med å legge til rette for at organisasjonseigde kulturbygg kan utvikle seg vidare i takt med behova i lokalsamfunna.

### Kap. 315 Frivillighetsformål Post 73 Studieforbund

Vi ber om at tilskotet til Studieforbunda vert auka og at heile summen finansierast over Statsbudsjettet, og ikkje bidreg til å redusere kulturandelen av speloverskotet. Vi er òg kritisk til at departementet ikkje vil rette opp i reknefeilen på statsbudsjettet som blei gjort i 2021, men heller vel å gi ei ekstraløyving over speloverskotet også i 2022.

Noregs Ungdomslag støttar elles Voksenopplæringsforbundet sitt krav om ein opptrappingsplan med mål om at tilskotet til studieforbund godkjent av Kulturdepartementet skal nå 250 millionar kroner innan 2025.

**Kap. 320, post 74 Tilskudd til organisasjoner og kompetansesentre m.m.**

Solberg-regjeringen foreslår i Statsbudsjett for 2022 å auke Kulturalliansen sitt tilskot med kr 30.000,- vi ber om at komiteen aukar tilskotet til Kulturalliansen med ytterligere 420.000,- slik at det totale tilskotet blir kr 2.000.000,- for 2022. Kulturalliansen er i gong med ei kartlegging av kulturlokalar og arenaer i alle kommunar i Noreg, og for å få dette viktige arbeidet fullført må staten styrke økonomien.

**Avsluttande kommentar:**

Noregs Ungdomslag har fleire gonger tatt opp behovet for å gjennomgå kulturen sin andel av spelemiddeloverskotet. Vi ber om at det vert satt ned ein utval for å gjennomgå ordninga med sikte på å tydeleggjere kva tiltak som bør ligge innafor spelemiddeloverskotet og kva som bør ligge på Statsbudsjettet. I ein slikt utval bør ei representativt utval av frivillige kulturorganisasjonar bli invitert til å delta.

Vi støttar elles Frivillighet Norge og Kulturalliansen sine innspel.

